
Saksnr: 2021/20411-3
Saksbehandlar: Morten Sivertsen
Lygresten

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021

Søknad om ruteløyve for Selja sjø AS - Org.nr: 967 949 086

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommunen vedtek å tildele Selja sjø AS ruteløyve for transport med ferje på strekninga *Selje - Seljeøya* i Stad kommune.

Det stillast følgjande vilkår for ruteløyve:

- Løyvet gjeld til 30.09.2031.
- God vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelver.
- Rettkjend kopi av ruteløyve skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- Fartøy skal ha universell utforming. Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne nytte rutetilbodet likeverdig med andre.
- Det oppmodast til å nytte miljøvennlege fartøy til bruk på den aktuelle rutestrekninga.
- Endring i rutetidene skal godkjennast av Vestland fylkeskommune, avd. for mobilitet og kollektivtransport.

Samandrag

Selja Sjø AS (org.nr 967 949 086) har i brev datert søkt om fornying av sitt ruteløyve for fartøy på strekninga Selje kai til Seljeøya. Ruteløyvesøknaden presentera moglegheit til å ivareta transport til Selje kloster som er eit viktig kulturminne. Fylkeskommunedirektøren rår difor at søknaden vert imøtekomen.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Håkon Rasmussen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Selja Sjø AS har i brev datert 23.04.2021 søkt om fornying av ruteløyve for fartøy på strekninga Selje - Seljeøya/Selja, i Stad kommune.

Fylkesutvalet skal gjere vedtak i saka på grunnlag av ei 'behovsprøving' I følge Samferdselsdepartementet («SD») tyder dette at ein skal vurdere om det omsøkte tilbodet er «samfunnsøkonomisk rasjonelt».

Fylkesutvalet sitt vedtak vil vere eit einskildvedtak med klagerett. Ein skal grunngje einskildvedtak. Reglane om forvaltningsvedtak finn ein i forvaltningslova. Dersom fylkesutvalet gjer vedtak i samsvar med innstillinga, legg ein til grunn at grunngjevinga er fylkeskommunedirektøren sitt saksframlegg. Dersom fylkesutvalet endrar vedtaket, bør fylkesutvalet såleis grunngje dette.

Saksopplysningar

Selja Sjø AS har søkt om fornying av ruteløyve for båtruta frå Selje til Seljeøya/Selja. I løpet av 15 minuttar er man ute på Seljeøya, der man finner Selje kloster. Klosteret kan regnast som Noregs fyrste pilgrimstad. Det gis tilbod om å ta del i den kulturhistoriske vandringa frå 1100-talet. Selja Sjø AS gir også tilbod om både guida turar og turar utan guide ut til Selja kloster.

Selja Sjø AS har sidan 1993 drifta ruta frå Selje til Seljeøya/Selja. Selja Sjø AS segla tidlegare under namnet Vestkapp Båtservice. Ruta har sju daglege avgangar i perioden 01.07.2021 til 15.08.2021 frå Selje til Seljeøya. Fyrste avgangen går klokka 10:15 frå Selje og siste avgangen går klokka 14:45 frå Selje. Det er 45 minuttar mellom kvar avgang og alle avgangane går frå måndag til søndag. Utanom høgsesongen driftast det ein skulerute med to avgangar frå Selje. Den fyrste går 08:10 og den siste går 14:20 frå Selje.

På Seljeøya er det svært få fastbuande personar, så desse avgangane er dei einaste som går på den aktuelle ruta.

Takstregulativet er differensiert på om man ynskjer guida tur eller tur utan guide og om man er vaksen eller born. Prisane for guida tur er NOK 199 for born og NOK 399 for vaksne og utan guide er det NOK 299 for vaksne og NOK 149 for born. For skuleruta er dette subsidiert av Stad kommune i form av eit anbod.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå Hovudutval frå samferdsel og mobilitet, å tildele behovsprøvd løyve/ruteløyve for persontransport med motorvogn. Heimelen for dette finn ein i Reglement for folkevalde organ og delegering Vestland fylkeskommune, Reglement for delegering etter særlov, Pkt 30 yrkestransportlova, § 13 jfr § 6.

Vurderingar og verknader

Det er eit mål i Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune å leggje til rette for berekraftig private næringsliv, og dermed for busetjinga i distrikta.

Det omsøkte rutetilbodet gir eit rutetilbod ut til eit kulturminne som mogleggjer for at det blir meir attraktivt for turistar til å besøke Selje og Stad Kommune.

Skuleruta driftast så lenge det er fastbuande born i skulealder som er busett på Seljeøya. Stad kommune har opplyst at dei fastbuande disponerer egne båtar som dei nyttar til og frå Seljeøya.

Skyss/Kringom har ikkje funne det tenleg å drive eit tilsvarande rutetilbod i offentleg regi. Det omsøkte ruteløyvet vil difor kunne utfylle Skyss/Kringom sitt rutetilbod i området.

Stad kommune stadfester at Selja sjø AS er ikkje i nokon direkte konkurranse på den aktuelle ruta som det søkaste ruteløyve for.

Den omsøkte ferjeruta mottar ikkje fylkeskommunale midlar til drifta og er difor sett på som ein kommersiell båtrote.

Det er presedens i fylkesutvalet å stille krav til kommersielle ruteløyvehavarar om tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne, herunder rullestolbrukarar. Fylkeskommunedirektøren rår difor til at dette vert teke inn som vilkår for eit eventuelt ruteløyve.

SD har fastsett at fylkeskommunen og andre som driv rutetransport skal offentleggjere ruteplan ved innsending av rutedata til Entur AS, etter reglane i Jernbanedirektoratet si Håndbok N801 v2. Fylkeskommunen kan påleggje dei kommersielle aktørane å gjere dette sjølve. Fylkeskommunedirektøren kan ikkje sjå at det vil vere ein føremøn at fylkeskommunen skal vere eit mellomledd i rapporteringa, og finn det tenleg at dei kommersielle aktørane rapporterer direkte til Entur AS. Dette vert difor teke inn som eit vilkår i forslaget til innstilling.

Det er også etter fylkeskommunedirektørens vurdering at det oppfordrast til å nytte miljøvennlege fartøy til transporten på den aktuelle strekninga.

Økonomi:

Marginale eller ingen verknader.

Klima:

Marginale eller Ingen verknader

Folkehelse:

Positive verknader. Kan bidra til at turistar og lokale kommer seg meir ut på tur og brukar kroppen meir aktivt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Positive verknader. Gir eit rutetilbod til eit viktig kulturminne og bedrar infrastrukturen i området.

Konklusjon

På grunnlag av vurderinga over, rår fylkeskommunedirektøren til at den aktuelle søknaden frå Selja Sjø AS vert imøtekomen på dei vilkåra som går fram av forslaget til innstilling.